

Julehelsing frå ordføraren.

20.12.2017



Ordførar Peder Sjo Slettebø.

Jula nærmar seg no med stormskritt, og vi har fått tilsendt julehelsing frå ordførar Perder Sjo Slettebø, som vi svært gjerne formidlar vidare til innbyggjarane.

Kjære kvinnheringar!

Julefreden er i ferd med å senka seg, og vi ser fram mot ei høgtid der vi skal vera saman med våre kjære, gle oss over hyggelege stunder, gaver og gode måltid. Jula er ei tid der vi let kvardagen fara, og vi får eit kjærkome avbrekk før vi tek til på det nye året. I disse travle førjulstider sett eg stor pris på at eg får høve til å skriva julehelsing til dykk. Det gir tid til å tenka attende på året som har gått, alle eg har møtt og hendingar som har funne stad. Ikkje minst gir det også høve til å reflektera over kjernen i denne høgtida. Vi markerer ei hending som fann stad for over to tusen år sidan, men som likevel bringer ein bodskap som er aktuell og relevant i vår tid.

Året som gjekk var prega av at situasjonen i næringslivet er i betring. Arbeidsløysa går ned, og like før jul fekk vi den gledelege meldinga vi har venta så lenge på: Hydro har vedteke oppstart av B-hallen ved verket på Husnes, noko som gjev vekst i arbeidsplassar og store ringverknader for næringslivet elles i Kvinnherad. Dette var ei gladmelding kvinnheringane fortente no. Situasjonen i næringslivet handlar ikkje først og fremst om kroner og øre og skatteinntekter til stat og kommune. Først og fremst handlar den etter mitt syn om enkeltmenneska og familiiane. Lysare tider i næringslivet betyr tryggleik for hus, heim og arbeid for fleire, og det betyr mindre uvisse og uro for dei som tek særleg samfunnsansvar og etablerer og driv ulike verksemder. Alle fortener eit trygt økonomisk og sosialt fundament i sine liv. Difor er vi så opptekne av at det lokale næringslivet har arbeid og positiv framtidsvon.

For mange som opplever uvisse kring sin sosiale og økonomiske situasjon, kan julehøgtida vera vond. Gjennom sosiale medier kan vi få inntrykk av at alle rundt oss er lukkelege saman med sine kjære. Dette kan forsterke tunge kjensler. Også mange som har vanskar med rus og alkohol, einsemd eller sorg over dødsfall blant sine, kan oppleva julehøgtida som sår. I denne tida tenker eg særleg på dykk. Vanskar og tunge tider kan ramma oss alle her i livet. Mitt bodskap i lys av jula er at er at kvar og ein sin ukrenkelege verdi står fast uansett kva livet måtte gje og ta. Det er ingenting som kan ta frå oss vårt menneskeverd. Ikkje rus, ikkje fattigdom og heller ikkje einsemd. Som samfunn har vi eit felles ansvar for å visa særleg omsorg for dei som slit, og ved ord og gjerning synleggjera for den enkelte at verdien av kvart einaste menneske er uendeleg høg. Det er mitt ynskje for det nye året at vi alle må ei hand til dei som treng det.

Det er eit privilegium å vera ordførar i Kvinnherad. Vi har eit lokalsamfunn som eg og mange med meg er veldig glad i. Det er menneska som gjer Kvinnherad til ein trygg og god stad, og det er møte med innbyggjarane som verkeleg gjer ordførarvervet meiningsfylt. Eg vil takka kvar og ein eg har møtt dette året. Som ordførar får ein vera med på små og store hendingar i lokalsamfunnet, og ein får møta menneske i ulike situasjonar. Særleg inntrykk har det gjort å møta barn og unge. Dei representerer framtidsvona, og veks opp i ei tid der samfunnet stiller store krav og forventningar til dei. Eg er imponert over korleis barn og unge møter det presset dei opplever særleg gjennom både ordinære og sosiale medier. Samstundes har vi eit ansvar for å dempa dette presset. Ved å forventa bestemte ting av våre yngste, gjev vi ikkje godt nok rom for det mangfaldet og den positive ulikskapen som finnes blant dei. Det finnes ikkje ein mal, eller ein fasit for korleis eit menneske skal vera og leva. Vi må difor støtta og oppmuntra våre yngste, og visa glede over at dei er slik dei er. Kampen mot mobbing og sosial ekskludering må forsterkast i det nye året.

Kvinnheradsamfunnet er svært rikt på frivillig engasjement. Også i 2017 har eg fått gleda av å få eit rikt innblikk i det frivillige arbeidet på mange samfunnsområde. Idretten representerer den største delen. Idrett gjev kvardagsglede til den enkelte og lokalsamfunnet, og det er ein viktig arena for inkludering og integrering. Eg vil særleg takka alle som frivillig legg ned utallige timer for idretten, de fortener stor ros.

Det frivillige engasjementet er stort også innanfor kulturlivet. Det er ved kulturopplevelingar vi kan veksa som menneske, og kvinnheringane er flinke å støtta opp om lokale kulturarrangement. I år vil eg trekka fram spesielt Høyåker musikkorps, ein samanslutnad av musikkлага i Høylandsbygd og på Utåker, som denne hausten skipa til konsertar i fleire bygder. Dette er eit lite musikkorps, men med eit stort hjarta og engasjement for å skapa kvardagsglede for innbyggjarane. Eg vil og igjen nyta høvet til å takka Festidalen, der eit høgt tal frivillige kvar einaste sommar trekk folk i alle aldrar til ei flott oppleveling i Uskedalen.

Særleg takk fortener også alle som arbeider frivillig for å gje våre eldre ein rikare kvardag. Kvinnherad kommune treng dykker hjelp i det daglege, og vi er djupt takksame for alt de gjer for at eldre og pleietrengande skal ha gode dagar.

Når vi no går inn i julehøgtida vil eg retta ei takk til kommunen sine medarbeidarar. Lærarar og barnehagepersonale som brenn for dei yngste, sjukepleiarar og hjelpepleiarar som gjev god omsorg,

sosialarbeidarar, medarbeidarar i rus og psykiatri som gjev omsorg og støtte til dei som treng det aller mest. Reinhaldarar, teknisk personale og brannfolk som i det daglege syt for at alt er i orden og at den grunnleggande infrastrukturen og tryggleiken er på plass for alle innbyggjarar. Takk også til medarbeidarane i rådhuset, og til kommunestyret for samarbeidet til beste for Kvinnherad.

Ei stor takk må vi alle også retta til dei mange som i julehelga er på arbeid. Takka være dykk vert dei viktige samfunnsoppgåvene godt ivaretekne i ei tid der dei fleste får nyta lange og gode fridagar.

Eg ser fram til det nye året. Vi skal opna det nye Rosendalstunet, realisera ny idrettshall, og vi får nye og tryggare vegar på fleire strekningar. Arbeidet med kommunikasjonane inn og ut av kommunen vert særleg prioritert. Eg har von om eit 2018 som vil gje framgang for heile Kvinnherad.

Hendinga i Betlehem for over to tusen år sidan er aktuell for vår tid fordi barnet i krubba bringer tidlaus visdom som gir oss alle høve til å vera med å skapa ei betre verd. At vi skal elska vår neste som oss sjølv. At ingen bør ta på seg å kasta den første stein. Det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei. Dette er levereglar vi alle kan samlast om, uavhengig av tru, politikk og bakgrunn. Måtte julehøgtida minna oss om bodskapen frå barnet i krubba, og må kjærleiken som lyser frå barnet sitt andlet gje kvar og ein av oss inspirasjon til å vera gode i det nye året.

Eg ynskjer dykk alle ei strålande jul, og eit godt nytt år!

Med helsing

Peder Sjo Slettebø

Ordførar

Nett: Thor Inge Døssland